

TIPSLISTE 3 - PUNKT FOR SAMTALE - SKRIVNE OG USKRIVNE LOVER

Ei av dei viktigaste oppgåvene du som mentor har er å medverke til at praktikanten får godt innblikk i uskrivne og skrivne reglar på norske arbeidsplassar. Dette krev at praktikanten får informasjon undervegs om dette. Fyljande punkt er noko som Volda Læringscenter også vil førebu praktikanten på før praksisopphaldet. Dette er tema som vi jobbar med på skulen i tida medan praktikanten er i praksis. For at denne kunnskapen virkelig skal trenge inn er det viktig at det vert fokusert på dette også gjennom samtalar mellom mentor og praktikant på praksisplassen.

Du kan bruke denne tipslista til å krysse av når du har snakka gjennom temaet med praksiskandidaten.

KRYSS AV

LEING

- Norske leiarar er ikkje autoritære - leiingsstrukturen er flat:
 - likevel husk at det er sjefen/leiaren som bestemmer!
 - sjefar brukar ofte indirekte språk. Eks. "Kan du kike på dette" betyr egentlig "Jobb med dette"
- Lær kommandolinjene på arbeidsplassen (kva skal du ta opp med kven?)
- Husk, sjefen er sjef, sjølv om han ikkje er autoritær.

KOMMUNIKASJON

- Kommunikasjonen i Norge er ikkje alltid like klar. Ref. for eksempel ""Kan du kike på dette" betyr egentlig "Jobb med dette"
- Dersom du ikkje forstår/er i tvil - SPØRR!
- Dersom du er spurt om du tek på deg ei oppgåde og du svarer JA vert det forventa at du gjer det du har sagt JA til å gjere. Dersom du ikkje gjer det vil det medføre at nokon vert irritert
- Prøv å forstå skjulte bodskap. Om det er noko du ikkje forstår, spør mentoren din!
- Forhold deg konstruktivt til fordommar som du vil møte på arbeidsplassen. Ikkje la det gå innover deg!
- Ver varsam i konfliktsituasjonar

TIDSOMGREPET

- Vær punktleg (kl. 0900 er kl. 0900, ikkje kl. 0902)
- Hald møtetider og avtalar
- Fortell kva formålet med samtalen er

SOSIALT SAMVÆR

- Delta i det sosiale samværet
 - ikkje trekke deg unna sjølv om nordmennene er forskjellige frå deg
- Et lunsj med kollegaene
- Hels på kollegane dine når du kjem og går
- Delta på julebord, "fredagsvaffel", "Vinlotteri" og tilsvarande, så langt det let seg gjere. Dette blir sett på som "integrering" - et positivt ord i Norge!

STJERNE-MEDARBEIDAREN

- Ta INITIATIV
 - vær ikkje redd for å ta på deg oppdrag/ansvar!
 - alltid betre å gjere litt meir enn forventa enn litt mindre enn forventa
 - positivt om du er innovativ og nytenkjande på en måte som skaper verdi for verksemda
- Vær SJØLVSTENDIG!
(vit kva som skal gjerast, på kva måte, og til kva tidsfrist. Og gjer det!)
- Lær deg kunsten å SAMARBEIDE
 - ha ei positiv og opa haldning til å samarbeide med dine kollegaer
 - vær hjelpsam og solidariskForhold deg PROFESJONELT til arbeidet ditt
> vit kva skal gjerast, på kva måte, og til kva tidsfrist. Og gjer det!
- Skap begeistring hos kundane/brukarane (om du ikkje veit korleis, spør sjefen!)
- Etterlev verksemda sine verdiar (spør dersom du ikkje veit kva desse går ut på)
- Ver fleksibel og villeg til omstilling